

- Fremført i sitt forhør til formen etter foredrag  
Forvarmaret Trondhjem, 10. juni 1940, 14.00, kontoret,  
 Etter følgende diskusjon i 2.00 minutter. S. 81.

Fra forhørsrapport til  
 Jakob Siestrup:

Historiker og  
 veileder  
 Vidar  
 Oslo 1987.

MAGNE SKODVIN

Dear Baardrefth!

Bedragt Skodvins uttalel.  
 som er kommet opp. lagt for  
 min foredrag f. b. i Tromsø  
 omset. Jeg har ført inn  
 noen parenteser ( ): de  
 markerer innom grøn det  
 som ikke er under den  
 viktigste fremforingen.

Særlig det J. Sand set  
 skaten utt i vedlegg?   
 M. 6. 1987. Best hilte O.U.A.

Denne avtalen vart underskrevne den 10. juni  
 Britannia i Trondheim. Frå tysk side underskrift  
 Buschenhagen, som var stabssjef hjå general N  
 kenhorst. Den norske underskrivaren var c  
 Roscher Nielsen, som representerte den norsk  
 doen. Samstundes vart det underskreve ein  
 Narvik-området, på Bjørnefjell. Norsk forhandl.  
 løytnant Harald Wrede Holm.

Det har kome fram to ulike tolkingar av Trondheimsavtalet, med små variantar på begge sider. Den eine går ut på at Trondheimsavtalet inneheld kapitulasjonsvilkår for dei norske styrkane som stod att under våpen i Nord-Noreg, då Konge og Regjering reiste frå Tromsø for å ta sete i Storbritannia og føra krigen vidare derifrå. Trondheimsavtalet var ein regional kapitulasjon. Noreg som stat var framleis i krig ned Tyskland.

Den andre går ut på at ved Trondheimsavtalet kapitulerete den norske stat. Dermed var det slutt på krigstilstanden mellom Tyskland og Noreg. Trondheimsavtalet var ein total norsk kapitulasjon. Krigen mellom Vestmaktene og Det tredje rike måtte gå vidare utan norsk medverking.

Diskusjonen om innhaldet og omfanget av Trondheimsavtalet har kome opp mange gonger etter 1945, ofte i bitre former. Det heng sjølv sagt saman med at spørsmålet også gjeld sjølve grunnlaget for lovgjevinga om landssvik, og for dei rettssakene som fylgte av den. Dersom krigstilstanden mellom Tyskland og Noreg var slutt den 10. juni 1940, så var Tyskland ikkje lenger Noregs fiende i folkerettsleg meining. I så fall kunne ingen straffast etter paragraf 86 i straffelova, for den handlar om dei som «rettsstridig ... yter fienden bistand i råd og dåd». Var der ingen

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

fiende, så var der heller ikkje «bistand» til fienden. Difor kom spørsmålet sjølv sagt opp i landssviksakene etter krigen, første gong i saka mot Reidar Haaland, den første landssviksaka som kom opp for Eidsivating lagmannsrett og gjekk vidare til Høgsterett. Begge rettane la til grunn at krigstilstanden mellom Tyskland og Noreg heldt fram etter 10. juni 1940. Det var ingen dissensar på dette punktet. Høgsterett drøfta saka i plenum, sidan det mellom anna var spørsmål om grunnlovstolking.<sup>1</sup>

Domen i Haalandsaka er utgangspunktet for dei mange og lange diskusjonar som er ført seinare.<sup>2</sup> Spørsmålet har kome opp att fleire gonger, ikkje minst fordi sjølve ordlyden i Trondheimsavtalet har spela stor rolle i argumentasjonen.<sup>3</sup>

Prosedyren har som regel gått på reint filologisk tolking av teksten, og spesielt den passusen i paragraf 1 som på tysk lyder slik: «Die gesamten norwegischen Streitkräfte legen die Waffen nieder und werden sie während der Dauer des gegenwärtigen Krieges nicht wieder gegen das Deutsche Reich oder dessen Verbündete ergreifen.» Den tyske teksten er bindande.<sup>4</sup> I den norske omsetjinga som Høgsterett la til grunn, lyder det sentrale uttrykket slik: «De samlede norske stridskrefter . . .» Mot dette hevdar andre at ei korrekt omsetting skal lyda «Samtlige norske stridskrefter . . .» Av dette ville fylgja at Trondheimsavtalet var ein total kapitulasjon, som gjorde slutt på krigstilstanden. Dermed var Kongen, regjeringa Nygaardsvold og deira følgje ikkje lenger krigførande, men politiske flyktingar.<sup>5</sup>

Det er i og for seg underleg, og truleg litt av eit særsyn, at det skal vera tvil om kva avtalet går ut på, at det skulle vera nødvendig å slå opp i ordbøker for å finna ut om det var staten eller dei lokale styrkane som kapitulerte. Formålet med denne artikkelen er å trengja ut over den reint filologiske diskusjonen, ved å granska den utviklinga på begge sider som førde fram til avtalet, for dermed å avdekkja årsakene til at det vart brukt eit uvanleg uttrykk på eit så sentralt punkt.

### Overlevering og proveniens

Avtalet vart utferda i fem eksemplar på tysk, og fem på norsk.<sup>6</sup> Dei signerte originalane er ikkje overlevert. Dei norske eksemplara gjekk til Forsvarets Overkommando. Då denne vart oppløyst, vart ein del arkivsaker gravne ned. Det har ikkje lukkast å finna dei att etter krigen. Etter alt å doma var det norske første-eksemplaret mellom dei.<sup>7</sup> Ein av dei norske gjenpartane vart smugla ut til regjeringa. Nokre avskrifter frå samtidia har kome for dagen og ligg no i Riksarkivet.<sup>8</sup> Dei er ikkje heilt like, og kan ha gått gjennom fleire ledd.<sup>9</sup> Det tyske originalet var i Krigsarkivet i Potsdam, og strauk med i brannen då dette vart bomba, natta mellom 27. og 28. februar 1942. Sidan ingen av dei signerte første-eksemplara er tilgjengelege, må den første oppgåva vera å koma så nær inn på den originale versjonen som råd er, og då først og fremst den tyske.

Avtaleteksten vart også telegrafert til det tyske utanriksdepartementet, Auswärtiges Amt, og finst der. Den er utan tvil autentisk. Det er ingen tvil om ordlyden. Derimot er det ikkje rådeleg å dra viktige konklusjonar på grunnlag av sjølve den typografiske oppsettigmåten i denne versjonen.<sup>10</sup>

Den tyske styrken som stod under von Falkenhorsts kommando her i landet, førde innhaldsrike krigsdagbøker, i samsvar med gjeldande reglement.<sup>11</sup> Dei avdelingane som var samansette for denne delen av «Weserübung», gjekk først under samlenamnet «Gruppe XXI». Krigsdagbøkene for Gruppe XXI er defekte. Stabssjefen opna si første krigsdagbok den 20. februar 1940, men der vantar så godt som heile perioden etter 3. mars, dvs. fram til 22. april 1940.<sup>12</sup> Krigsdagbøkene nr. 2 og 3 vart øydelagde ved brannen, og det var der ein først og fremst måtte leita etter opplysningar om junidagane 1940.

Men det vil ikkje seiå at vi står utan førstehands opplysningar i form av samtidige dokument. Etter brannskadane i Potsdam sette det tyske hærarkivet i gang eit stort arbeid for å rekonstruera så mykje som mogleg av det som var gått tapt. For Gruppe XXI var det ikkje særleg vanskeleg. Den tyske militæradministrasjonen i det okkuperte norske området var eit velutvikla og grundig byråkrati, og hadde god orden i arkivsakene sine. Ein

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014  
 stor del, ja truleg det aller meste, av den korrespondansen som til vanleg ville gå inn i bilagsbind («Anlagen») til krigsdagbøkene, fanst i gjennomslag hjå avsendarane, ofte i fleire eksemplar, eller som gjenpartar sende til andre mottakarar. På dette grunnlaget bygde hærarkivet i Potsdam opp nye dokumentsamlingar. Arkivar, dr. Poll, leverte sitt utkast til «Ersatz» den 3. juni 1943.<sup>14</sup> På mange punkt verkar dei meir utførlege enn det synest vera vanleg i krigsdagbøker frå okkupert norsk område seinare under okkupasjonen. Det kan ha sin naturlege grunn i at dei dramatiske hendingane i samband med invasjonen og under felttoget på norsk grunn hadde reint spesiell krigshistorisk interesse. Mange av opplysningane nedanfor er henta frå disse rekonstruerte samlingane. Det gjeld først og fremst Kriegstagebuch Nr. 2 og Nr. 3, med vedlegg. Dei er autoriserte av vedkomande arkivsjef.<sup>15</sup> *Adm. Nr. 3 - 14. 6. 40 f. v. F. auf*

Den tyske stabssjefen oberst Erich Buschenhagen og medhjelparane hans vart verande i Trondheim, på Britannia, til 14. juni 1940 om kvelden. Før dei reiste attende til Oslo, let obersten ta fleire avskrifter av Trondheimsavtalet. Dei vart dels sende til tyske instansar i det okkuperte området, dels lagde i reserve. Dei er avskrevne direkte etter den (signerte) tyske originalen som til den tid hadde lege i ein safe på Britannia.<sup>16</sup> Ein kan vel trygt rekna med at denne offisielle avskrifta for divisjonssjefar og andre høge tyske instansar fylgte originalen så nøyse som mogleg.

Desse avskriftene har vi fleire av,<sup>17</sup> og dei er like, både i ordlyd og i topografisk oppstilling. Det er denne versjonen som her er lagt til grunn. *Kun handa*

Det er mogleg at vi kan koma endå nærmare inn på livet av originalteksten. *(ordnet i et h. friv.)*

Som det går fram av paragraf 9, vart dokumentet utferda i fem eksemplar på kvart språk. Det signerte førsteeksemplaret kom som nemnt bort under brannen i Berlin. Det skulle altså finnast fire andre. Nå ligg det saman med dei rekonstruerte vedleggsbanda til krigsdagbøkene eit unummerert og frittståande legg i eige omslag, med tittelen «Verschiedenes: Kapitulationsverhandlungen, Vernehmungen, Berichte über die Kämpfe in

Norwegen». Denne heldt til ei eidde aktstykke som ikkje har funne nokon sjøvsagd plass i det kronologiske dagbokskjemaet, og som ved sitt innhold ligg utanfor dagboksramma. Som tittelbladet viser, gjeld dei meir spesielle emne. I dette omslaget ligg fire eksemplar av Trondheimsavtalet. Dei er i eitt og alt identiske med dei avskriftene som Buschenhagen distribuerte frå Trondheim den 14. juni 1940, så dei tilfører ikkje noko som helst nytt når det gjeld ordlyd og utstyr. Men ut frå rein arkivarinteresse ville det vera interessant om vi her har å gjera med dei fire gjenpartane. For å halda seg på den heilt sikre sida, bør ein vel nøya seg med at det er ikkje usannsynleg.

*[Etter dette kan ein oppsummere slik:*

Den versjonen som her er lagt til grunn, er identisk med avskrifter som vart tekne i Trondheim mellom 10. og 14. juni 1940, truleg den siste av disse dagane, og avskrivaren hadde originalen for hand. Ein kan vel gå ut frå at han retta seg nøyse etter den — i minsto må vi stå overfor det som Pontoppidan i si tid kalla «en til viss het grensende sannsynlighet».

*[Tilbake i arbeid]*  
**Om uttrykket, «die gesamten norwegischen Streitkräfte»**  
 Dette uttrykket, brukt i Trondheimsavtalet, paragraf 1, er hovudstridsemnet. Som nemnt ovanfor står to tolkingar klært mot einannan. I den norske versjonen som til vanleg vart bruk i landssviksaker, heiter det: «De samlede norske stridskrefter nedlegger våpnene . . .» Högsterett har i si tid<sup>18</sup> tolka dette slik: «De gjenværende stridskrefter i Nord-Norge innstillet fiendligheten og overga seg.» Den andre tolkinga omset «Die gesamten . . .» med «samtlige», dvs. også dei som var på alliert område, eller på veg dit, den 10. juni 1940.

Dette er mellom anna eit spørsmål for folkerettslærde. Fredé Castberg vart i si tid provosert<sup>19</sup> til å uttala seg om den folkerettslege sida av saka, i tilknyting til eit brev trykt i «Folk og Land».<sup>20</sup> Castberg svara<sup>21</sup> at han ikkje ville innlata seg på nokon pressedebatt, men viste til ei avhandling av sin danske kollega Stephan Hurwitz.<sup>22</sup> Der heiter det mellom anna at det er «hævet over enhver tvivl, at der har hersket krigstilstand mellom Norge og

*X anden redigert av J. W. Bjørn)*

Tyskland under hele besættelsen». «Profesor Hurwitz standpunkt,» skreiv Castberg, «faller sammen med mitt eget.»  
Slettelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

I denne drøftinga kan det sjølvsagt ikkje bli tale om nokon rettsvitskapleg analyse. Formålet er berre å bruka vanleg historisk kjeldekritikk. Det vil mellom anna seia å stilla klårt avgrensa spørsmål som det tilgjengelege materialet kan gje eintydige svar på. I dei høldige tilfelle der dette kan la seg gjera, vil det ventegleg lukkast å forma framstillingar som er i samsvar med det faktiske.

Kva er så spørsmåla til desse to ulike svar?

Det eine kan kort refererast slik: Kva tyder ordet «gesamt», kva står det i leksika om tydinga, kor vidt femner det, er det til dømes sterkare enn «sämtliche» eller liknande?<sup>23</sup>

Her er det tre andre spørsmål som skal stillast først.

Det eine gjeld dei tyske forarbeid til Trondheimsavtalen. Kán dei hjelpe til å forklara korleis det har kome inn eit uttrykk som er såpass uvanleg og spesielt at det kan synast nødvendig med filologiske utgreiingar?

Det andre gjeld norsk politikk i dei første dagane av juni, og spesielt det norske opplegget til forhandlingane i Trondheim og på Bjørnefjell. Tok det sikte på regional eller total kapitulasjon?

Det tredje går på liknande situasjonar i andre land, meir presist: Finst det liknande uvanleg språkbruk i andre og liknande tilfelle, og om så er, korleis kan det forklarast?

#### IV

#### Dei tyske forarbeid

Den nye utviklinga på den nordnorske fronten, med alliert evakuering just då sigeren i Narvik-området syntest nær, skjedde så snøgt og så dramatisk at tyskarane ikkje hadde lang tid på seg til å drøfta dei avtalar som no måtte gjerast. Dei utkasta vi kjenner, vart til om kvelden den 9. juni. Frå Tyskland hadde Gruppe XXI generell instruks om å visa seg imøtekommende mot den norske 6. divisjon og tilby den ærefulle vilkår, i prinsippet berre at dei skulle gje frå seg våpna sine. Men det kunne sjølv sagt tenkjast at situasjonen ville krevja andre tiltak. Dette let seg ikkje vurdera frå Tyskland av. Gruppe XXI hadde altså (relativt) frie

hender. Denne instruksen kom fram til Trondheim den 9. juni klokka 16.30.<sup>24</sup> ~~Frem til kvelden~~ ~~med ein utvendig deltek~~

Etter dette vaft det i Trondheim utarbeidd eit første utkast til avtale, som eg heretter kallar utkast A. Det gjekk som «Fernschreiben» til Gruppe XXI i Oslo, og vart motteke der same kvelden, klokka 20.30.<sup>25</sup> Innleiinga (preamblen) var slik som vi kjenner den frå den endelige avtalen. Men paragraf 1 hadde ein annan ordlyd. I dette utkastet stod det nemleg: «Die norwegischen Streitkräfte zu Land, zu Wasser und in der Luft legen die Waffen nieder . . .» osv. Her var det altså nytta eit heilt anna uttrykk. Formulerenga «die gesamten norwegischen Streitkräfte . . .» må ha kome inn seinare og denne endringa må ha ein grunn. Neste spørsmål må bli: Når vart uttrykket endra? Og kan vi finna ei sannsynleg forklaring på endringa?

Utkastet vart straks drøfta i Oslo, og lagt fram for den rettskunnige i Gruppe XXI, dr. Dobinsky. Han var «Armeerichter» ved Gruppe XXI og rådgjevar for Falkenhorst i rettsspørsmål.<sup>26</sup>

Ved denne gjennomgangen kom det inn eit par små justeringsgar men ingen spesielt viktige endringar. Paragraf 1 vart ståande, i den form som nettopp er sitert. Det reviderte utkastet gjekk attende til Buschenhagen i Trondheim, i «Fernschreiben» ekspedert frå Oslo klokka 22.15.<sup>27</sup> Dette er heretter kalla utkast B. Arkiva inneholder ingen vidare korrespondanse om utkastet etter dette. Altså må paragraf 1 ha fått si nye form i Trondheim, etter dette tidspunktet. Før vi drøfter moglege grunnar til omskrivinga, må vi sjå nærmare på den formelen som er nytta i utkasta A og B.

#### Om uttrykket «zu Land, zu Wasser und in der Luft»

Dette er velkjent og velfinert traktatspråk. I lett skiftande former, som ikkje endrar meiningsa, er det den faste vending vi møter, så kurant at den nesten automatisk kjem i bruk når ein total kapitulasjon skal traktatfestast, og det skal fastslåast at den gjeld for alle væpna styrkar på den tapande sida. Her berre nokre spreidde men representative døme:<sup>28</sup> ~~her m i den langdypa~~

I Versailles-traktaten etter første verdskrig handlar del V om

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie 2014

det tyske styrkane som stod under våpen, g den har som overskrift «Military, Naval and Air Clauses». På liknande måte står det i det tyske kapitulasjonsdokumentet datert Rheims 7. mai 1945, artikkel II: «The German High Command will at once issue orders to all German military, naval and air authorities . . . to cease active operations . . .» Den italienske fredstraktaten (Paris 10. februar 1947) inneholder i artikkel 46 denne passusen: «Each of the military, naval and air clauses of the present treaty shall remain in force until modified . . .»

Den bulgarske traktaten, datert same dag, har i artikkel 10: «The personnel of the Bulgarian army, navy and air force . . . disbanded». I Korea (Panmunjom 27. juli 1953) galde avtalen berre våpenstillstand, men den omfatta også alle styrkar, som spesifisert i artikkel 12: «. . . all units and personnel of the ground, naval and air forces . . .»

Denne standardformelen er vanleg også i liknande traktatar fra 1940, og dei er spesielt opplysende, for der finn vi offisielle versjonar på tysk, i dei tilfelle der Tyskland var på den sigrande sida. Mest representativ er truleg den tysk-franske våpenstillstandsavtalen fra 22. juni 1940, altså tolv dagar etter Trondheimsavtalen. Der lyder den tilsvarande formuleringa slik: «Die französische Wehrmacht zu Lande, zu Wasser und in der Luft ist . . . demobil zu machen.» Den franske versjonen har «Les forces armées françaises sur terre, sur mer et dans les airs . . .» I den fransk-italienske avtalen, signert to dagar seinare, dvs. 24. juni 1940, heiter det: «Die ganze, zum nationalen Gebiet Frankreichs zu Lande, zu Wasser und in der Luft gehörende Wehrmacht wird . . . demobilisiert . . .»<sup>29</sup>

*Det var ikke i denne uttrykket*

### «Det sterkeste uttrykket»

Det vanlege filologiske argumentet for å omsetja «die gesamten» med «samtlige» kan resymerast slik:

Uttrykket «die gesamten» er svært sterkt. Det blir brukt når ein vil vera helt sikker på å ha funne eit ord som dekkjer alt som kjem inn under den kategorien ein har for seg. Det er eit ord som ikkje kan tillata noko unntak. I debatten har det vore karakteri-

*Om avsiden behøver jo ikkje?*

sert som det sterkeste ordet i det tyske språk i så måte. Skal ein finna eit tilsvarande ord på norsk, så må ein bruka «samtlige», og dermed vil det vera klart at alle norske militære styrkar gjekk ut av krigen ved Trondheimsavtalen. I så fall er saka klar: Avtalen var ein total kapitulasjon.

Men i så fall reiser det seg og nye spørsmål. Vi har sett at dette omstridde uttrykket først kom til i dei aller siste timane før drøftingane i Trondheim tok til, den 10. juni. Dei kom inn i staden for den vanlege formuleringa som presiserer at det gjeld stridsstyrkar til lands, til sjøs og i lufta, og som skal sikra at alle tenkjelege stridskrefter kjem inn under vedkomande avtale.

Dersom det filologiske argumentet skal halda, så må «die gesamten» vera eit endå sterke uttrykk enn dette. Med andre ord: I Nord-Noreg måtte dei norske stridskreftene disponera kampmiddel som ikkje kjem inn under det kurante uttrykket «stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta». Difor kunne tyskarane ikkje bruka den formelen som elles gjer teneste i slike tilfelle. Dei måtte finna eit nytt og endå sterke ord for å vera trygge på å få alt med. Difor kasserte dei altså det gjengse uttrykket og sette inn «die gesamten».

Med det utstyret, dei norske stridskreftene der nord sat att med, den 10. juni 1940, verkar dette, mildt sagt, fantasifullt. Den greie og enkle og vanlege formelen som talar om stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta, var fullt tilstrekkeleg til å dekkja dei stridskrefter og det militære utstyr som det skulle gjerast avtale om. Til overflod har vi altså sett at den vanlige formelen var omfattande nok til å dekkja alle dei franske styrkane, nokre dagar seinare. Kva skulle det så vera for spesielle grunnar som tvinga fram eit sterke uttrykk i Trondheim? Det er berre ein mogleg konklusjon. Ordlyden vart ikkje endra fordi det trongst ei ny og sterke vending. Endringa må ha ein annan grunn.

Som ein arbeidshypotese kan vi nå tenkja oss at forklaringa ligg på den norske sida.

*Det var ikke i denne uttrykket  
som vi ser den franske hæren*

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

## Den norske forhistoria

Omkring 20. mai 1940 låg det i lufta mellom dei innvigde på norsk side at dei allierte hadde hendene fulle på andre frontar og ikkje lenger ville binda så store krefter i Narvik-området som det var bruk for, ja at dei kanskje ville dra heile ekspedisjonskorps tilbake. Det franske forsvarer var i ferd med å bryta saman. Storbritannia kunne få nok med å forsvara seg sjølv. I ettertid er det kjent at general Auchinleck sende eit alvorleg alarmsignal den 21. mai: Han hadde ikkje krefter til å stå mot eit slikt tysk åtak som ein no kunne venta.<sup>30</sup> Dagen etter diskuterte det britiske krigskabinetet konsekvensene av ein full retrett frå den norske krigsskodeplassen, og fekk lagt fram for seg det første utkastet til eit telegram om dette, til general Cork.<sup>31</sup> Det var forma i runde ordelag,<sup>32</sup> men signalet var tydeleg nok. Norske styremakter vart ikkje orientert om dette, men hadde godt grunnlag for å tenkja sitt. Då Bodø fall etter eit hardt tysk bombardement (776 bygningar øydelagde) den 27. mai, var det vanleg meining at no ville det bli overmåte vanskeleg å halda resten av Nord-Noreg.<sup>33</sup> Lyspunktet var den kläre framgangen på Narvik-fronten, der dei tyske styrkane var på full retrett. Norske avdelingar hadde vunne attende heile Kuhaugplatået og nådd Ofotfjorden. Men då dei saman med franske og polske allierte, og med britisk flåtestøtte, frigjorde Narvik den 28. mai, hadde Cork alt fått evakuatingsordren. Den kom til Harstad natta mellom 24. og 25. mai,<sup>34</sup> men skulle haldast hemmeleg til så lenge, utan tvil for di det syntest lettare å dra seg ut når slaget om Narvik var vunne. Den dagen (25. mai) fall Boulogne, og Chiefs of Staff leverte eit PM om britisk strategi «in a certain eventuality» — dvs. ved tysk invasjon i Storbritannia.<sup>35</sup> Dei var spesielt urekkelege for Shetland. Dagen etter tok britane til å evakuera restane av ekspedisjonskorpset frå Dunkerque. Den 28. godkjende kong Leopold den belgiske kapitulasjonen. Italia var på veg inn i krigen for å få sin del av byttet. Det var klårt korleis situasjonen utvikla seg på kontinentet, og norske styremakter kunne berre dra pessimistiske konklusjonar.

Churchill heldt lenge fast på tanken om å la ein liten alliert styrke bli ståande i Nord-Noreg. Storbritannia var i endå større

fare dersom dei gav opp Narvik, sa han.<sup>36</sup> Men han fekk ingen med seg. Det var stormfulle dagar i War Cabinet i denne tida, mellom anna om instruksjonen til Gort, sjefen for det britiske ekspedisjonskorpset i Frankrike;<sup>37</sup> men jamvel dette var berre ein liten del av det store problemet: Korleis skulle britane stilla seg, dersom det kom ein tysk invit til forhandlingar? I dette spørsmålet, som vel enno ikkje er heilt gjennomlyst, var utanriksminister Halifax førebudd på å gå lenger enn statsministren. Den vanskelege avgjørda om Nord-Noreg fall inn i den mørkaste perioden Storbritannia gjennomlevde under heile krigen. Den britiske regjeringa evakuerte Frankrike, og førebudde seg på sjølv å flytta utanlands, om det trøngst — eller, tenkte nok somme, undersøkja om det fanst ein brukeleg veg ut av krigen. Hitler for sin del rekna med at krigen var vunnen.<sup>38</sup> Sett frå London, og på denne bakgrunnen, vart det norske problemet temmeleg underordna. Den 29. mai avgjorde krigskabinetet at ein skulle venta eit par dagar med å fortelja den norske regjeringa om evakuatingsplanane. Den 30. fall den formelle avgjørda: Nord-Noreg skulle evakuera.<sup>39</sup>

Trass alt dette arbeidde Churchill enno i nokre dagar for å etterlata ein styrke i Narvik, i det minste nokre veker, for å sjå korleis det gjekk; dei måtte i tilfelle greia seg sjølv.<sup>40</sup> Han fekk støtte frå Hugh Dalton, ministeren for økonomisk krigføring, som viste til ein norsk plan for guerilla i området.<sup>41</sup> Churchill sende eit notat, med Daltons brev vedlagt, til ei lang rekke instansar i sentraladministrasjonen, men utan resultat. Den 2. juni gav han opp, etter at Chiefs of Staff hadde sagt frå om at det syntest dei umogleg å halda Narvik.<sup>42</sup> Men tanken levde vidare. Det var i desse harde dagane at tanken om undergrunnsmotstand på kontinentet vart til. Den 7. juni skreiv Charles Hambro til L.C. Hollis og spurde om det ikkje kunne skaffast meir våpen til nordmennene. Moralen i dei norske styrkane var god, og dei var fullt i stand til å halda det gåande.<sup>43</sup> Dette er ei av dei mange linene som fører direkte fram til «Special Operations» seinare.

Mesteparten av dei indre debattane i London vart først allment kjende lenge etter krigen, då regjeringsarkiva vart tilgjeng-

gjelde i nanskronasjonshistorie 2014 regelen. I amtida var viletet ofte uklårt og forvirrende, jamvel for sentrale personar. Det britiske Ministry of Information fekk til dømes ingen ymt om at Noreg skulle evakuerast, før fleire dagar etter det var avgjort, og heldt fram med å forkynna optimisme.<sup>43</sup>

Den norske regjeringa måtte i første rekke byggja på sine eigne direkte inntrykk, og tolka situasjonane frå dag til dag på det grunnlaget.

Men det var tydeleg nok kva veg det bar. Norske iakttakarar kunne fastslå at evakueringstiltaka var i full gang på Bodøhalvøya. Den 30. mai sette regjeringa seg i sving for å få i stand eit møte med dei allierte sjefane og snakka ut om situasjonen. Terje Wold vart send til Harstad, der han måtte venta, medan dei allierte sjefane sat i konferanse.<sup>44</sup> Nygaardsvold, Koht, Hambro og Ljungberg hadde ein vanskeleg samtale med sendemann Dormer, i Bispegarden i Tromsø.<sup>45</sup> Offisiell orientering gjennom sendemannen kom først dagen etter. Men den var alt anna enn uventa.

<sup>44</sup> Dette var også den norske regjerings mørkaste stund. Den hadde forlate Oslo, forlate Elverum, forlate Sør-Noreg. No stod den siste rest av fastlandsterritoriet for fall, for utan alliert støtte og forsyningar utanfrå var det ikkje stort å gjera. Det var dagar med stor uro og otte, tvil og sjølegransking. Men ei avgjerd måtte takast.

Korleis vart den til?

Kva vur! omgjort?

### Kongens og den norske regjerings politikk

Regjeringa tok opp att tanken om den såkalla Mowinckel-planen, om ei demarkasjonsline i Narvik-området, slik at regjeringa skulle kunna halda fram med sete i eit uokkupert Nord-Noreg. Det var ingen stor optimisme omkring denne planen, men alt måtte prøvast. Desse drøftingane skal ikkje framstillast her. Dei førde ikkje fram. På tysk side var det òg kjent at dei allierte drog seg ut, og ein tysk kombinert operasjon mot mål i Troms var i førebuing (operasjon «Juno»).<sup>46</sup>

Den britiske regjeringa baud seg til å ordna med skipstrans-

port til Storbritannia for Konge og Regjering og deira fylgje. Dette tok Kongen personleg standpunkt til i ein samtale med sendemann Dormer, 2. juni; han bad om at det også måtte ordnast med transport for kronprinsesse Märtha, arveprinsen og prinsessene.<sup>47</sup>

Same dagen, dvs. 2. juni, reiste Nygaardsvold og Koht til Kongen (i Øvrebygda) for å drøfta stillinga. Kongen sa at om det vart nødvendig, ville han vera med og ta opp striden utanfor landet.<sup>48</sup>

<sup>49</sup> Den 3. juni vart så general Ruge kalla frå hovudkvarteret til Tromsø for å møta i regjeringskonferanse. Hans vurdering av situasjonen fortener å siterast utførleg:

*avspurting  
overvinn,*

«Kjøreturen til Tromsø tok på den tid en 3—4 timer så jeg hadde rundelig tid til å tenke over saken på veien. Jeg kunne tenke mig at regjeringen og kongen nu kanskje kunne synes at vår sak ble håpløs og derfor kunne være tilbøyelige til å oppgi videre krig og kapitulere overfor Tyskland. Jeg var overbevist om at dette ikke måtte skje. Enten vi sluttet fred med Tyskland eller ikke så ville vi jo fremdeles fortsette å være krigsskueplass og Norge ville fremdeles være blokert av den engelske flåte. Noen fordel i øyeblikket for Norges befolkning vant vi altså ikke ved å slutte fred med Tyskland nu. Og sluttet vi fred med Tyskland ville vi miste vår handelsflåte, som da nødvendigvis ville bli rekvirert av England. En separat fred mellom Norge og Tyskland nu ville heller ikke bli mere enn et foreløpig arrangement. Hvordan vår stilling endelig ville bli, ville i alle fall først bli avgjort ved fredsslutningen mellom de krigførende stormakter. Utfallet av stormaktskrigen kunne ingen forutse, men All historie viste at en slik verdenskrig pleier å bli langvarig, og at den som er herre på sjøen har stor sjanse for å seire i en slik langvarig krig. Ut fra disse betraktninger var det så min hensikt å søke å overbevise regjeringen om at vi burde fortsette å være krigførende. For at vi skulle kunne gjøre det var det nødvendig at kongen og regjeringen forlot landet, for fremdeles å ha sin handlefrihet. Jeg var klar over, at hvis vi ikke fikk tatt Narvikområdet og

ikke fikk den hjelp fra de allierte, som jeg har snakket om før, så var det nødvendig nu å legge ned våbnene i Nord-Norge. Med de tropper jeg hadde i Nord-Norge kunne jeg nok enda fortsette striden en stund i Troms innland eller eventuelt i Finnmark, men uten jagerfly og luftvern kunne jeg under ingen omstendigheter hindre tyskerne fra å svi av alle de resterende byer i Nord-Norge og i det hele bringe så mange ulykker over befolkningen at jeg fant det meningsløst å fortsette en slik strid.<sup>51</sup> Da jeg kom i regjeringskonferansen i Tromsø, hvor også stortingspresident Hambro deltok, viste det sig at regjeringen allerede hadde tatt den beslutning som jeg ønsket. Saken var for så vidt klar. Det var også besluttet at alt av marinens materiell som var sjøgående skulle følge med kongen og regjeringen over til England og det var meningen å fortsette med den organisasjon av nye flyavdelinger og tropper i England som vi allerede hadde startet.<sup>52</sup>

(Nygaardsvold skriv om det same møtet:)

General Ruge argumenterte ut fra et militært synspunkt. Han sa at han følte seg sikker på at England ville seire i det lange løpet. Det var derfor etter hans mening av den største betydning at vi reiste til England og der forsøkte å bygge opp en ny norsk hær, flåte og flyvåpen, så vi kunne hjelpe til å fri Norge ut av tyskernes klør.<sup>53</sup>

Ruge kom attende til dette møtet i eit brev til Trygve Lie, som han sende den 5. juni:

(I tilslutning) . . . vil jeg bare si Dem at den linje regjeringen har valgt er den jeg kom til Tromsø for å pledere. Jeg er altså helt enig med Dere. Vi må fortsette som krigførende og vi må være optimister. Jeg for min del er sikker på at de allierte seirer til slutt . . . Nå får De fortsette krigen . . .<sup>54</sup>

I den same regjeringskonferansen vart det også avgjort at Norges Bank skulle haldast oppe som sjølvstendig organ. Dei tre med-

lemene av direksjonen som var i Tromsø, skulle fylgja med til England.<sup>55</sup>

I praksis var hovudsaka avgjort i denne regjeringskonferansen, den 3. juni. Regjeringa skulle flytta over til Storbritannia, ta med seg dei restane av norske styrkar som det syntest rådeleg å velja ut, byggja opp nye styrkar ute, og halda fram med krigføringa frå utlandet. Men møtet 3. juni var ein uformell konferanse. Den formelle avgjerda kom 5. juni, og difor rekna Undsøkelseskommisjonen av 1945 dette som den avgjerande datoен.<sup>56</sup>

Eit par andre spørsmål måtte også drøftast i dagane 3. og 4. juni. Det eine galdt moglege ommøbleringar i regjeringa. Det treng ikkje framstillast her.<sup>57</sup> Eit anna var kor mange frå sentraladministrasjonen som skulle, eller kunne, fylgja med. I denne samanheng skal det berre nemnast at statsministeren la vekt på å få alle regjeringsmedlemer med. I praksis valde han å la dei stå fritt, men dei måtte tenkja over kva stilling dei kunne koma i under eit tysk regime, og om dei ville få brukelege vilkår til å gjera slikt nytig arbeid for sine landsmenn som dei ynskte. Dette var mest aktuelt for Terje Wold, som hadde reint spesielle føresnader for å ta vare på nordnorske interesser. Etter samtalar med Nygaardsvold og Koht valde Wold å fylgja med til London. Koht gjorde det heilt klårt at etter hans mening ville norsk forvaltning koma under hardt tysk press og få lite sjølvråderom.<sup>58</sup>

Kronprinsen måtte også vurdera korleis han kunne tena landet best — ved å fylgja kongen til England, eller ved å bli verande heime, om det så skulle bli som krigsfange.<sup>59</sup> Den symbolske og moralske verdien av å dela kår og lagnad med landsmenn under okkupasjon var ein viktig faktor i vurderinga. Han la spørsmålet fram for regjeringsmedlemene den 3. juni. Seinare på kvelden melde statsministeren at regjeringa rådde frå.<sup>60</sup> «Det kunne bli beklagelige følger av det, og Kronprinsen ville neppe kunne få lov (av tyskerne) til her i landet å gjøre noe til gagn for det norske folk.»<sup>61</sup>

Den same kvelden (3. juni) var Ruge på veg attende til hovudkvarteret. Han hadde telefonert til Kongen og bedt om å få koma innom. Ruge refererer samtalen slik:

Bern  
Nedde  
og  
Nar  
mulin  
un med

ster

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

«Jeg kom dit kl. 12 om natten, og kongen, kronprinsen og jeg gikk så igjennem hele situasjonen i et par timers samtale. Kongen var enig med mig i at jeg burde bli igjen i Norge og lovet å støtte mig i det, når saken kom i statsråd. Kronprinsen leste opp for mig sin betrakting over situasjonen, som han hadde skrevet ned for eget bruk. Jeg var nesten forbauset over hvor klart og sikkert han hadde tatt poengene i situasjonen og vurdert konsekvensene og de forskjellige alternativer. Kronprinsen ønsket å bli igjen sammen med meg for å gå i fangenskap sammen med avdelingene, og jeg støttet ham i det. Under den videre samtale utover natten sa jeg at det også var nødvendig å overveie hvordan den konstitusjonelle situasjonen ville bli, hvis kongen skulle dø i utlandet og kronprinsen satt i fangenskap i Norge. Vår samtale var så alvorlig og så opriktig og situasjonen var jo så avgjørende at jeg fant å kunne legge frem til overveielse også dette alternativ.»

Dagen etter (4. juni) reiste Ruge på ny til Tromsø. På vegen dit hadde han ein ny samtale med Kongen.

«Kongen sa mig da, at han ikke hadde sovet om natten, men hadde tenkt over situasjonen videre og spesielt hadde tenkt på det jeg hadde sagt om hvordan den konstitusjonelle stilling ville bli, hvis han skulle dø, mens kronprinsen var i fangenskap. I så fall, sa han, ville regjeringens konstitusjonelle stilling bli vanskelig, fordi det da ikke ville være noen «konge i statsråd». Derfor var han kommet til at kronprinsen allikevel måtte følge ham til England, slik at kongens etterfølger var disponibel, hvis han selv skulle falle fra.»<sup>57</sup>

<sup>56</sup> Den 3. juni telegraferte også Finansdepartementet, gjennom Utanriksdepartementet, til den norske legasjon i London, og gav fullmakt til å opna ein stor kreditt for general Steffens, som alt var i London. Han skulle disponera fem millionar kroner til innkjøp for forsvaret, i Storbritannia, Frankrike og USA.<sup>58</sup>

Det var i det heile ein klårgjerande dag, og den norske poli-

tikken var i hovudsak fastlagt. Men det kom også fram andre meningar.

*Vi ønsket fred i hovedstaden*

#### Eit ønske om fredsslutning

<sup>59</sup> Etter at regjeringa den 3. juni hadde kome fram til det standpunktet som er resymert ovanfor, vart sjefen for 6. divisjon, general Fleischer, kalla til konferanse i Tromsø den 4. juni.<sup>60</sup> Han hadde sitt divisjonshovudkvarter på Soløy i Lavangen. I Tromsø fekk generalen nå konfidensiell orientering om at dei allierte kom til å forlata landet, og like eins Konge og Regjering, med mindre det skulle koma i stand ei demarkasjonsline i samsvar med Mowinckel-planen — dette siste vart rekna for usannsynleg. Då han kom attende til Soløy, drofta han situasjonen med divisjonsstabssjefen, major Odd Lindbäck-Larsen. Dei var samde om at ein måtte arbeida for «akseptabel fred, så landet kunne få Finlands skjebne istedenfor Polens».<sup>61</sup> Om dette skreiv dei ei «henstilling» til Kongen. Den heitte det mellom anna:

*[LL]*

<sup>62</sup> «Da det er fastslått at kampen i Norge ikke skal fortsettes, anbefaler divisjonen at den Kongelige Regjering innleder forhandlinger om våpenstillestand og fred . . . Skulle fienden ville fortsette kampen for å fremtvinge kapitulasjon, med det formål for øye å få herredømme over hele landet, bør resten av den norske hær gå over grensen til Sverige og Finland . . . Divisjonen advarer innstendig mot at den lovlige regjering forlater landet. Den lovlige norske stat har dermed opphört å eksistere . . .

Divisjonen henstiller inntrengende til Deres Majestet å bli i landet og sørge for at den fred som i en eller annen form blir sluttet, blir den lovlige regjerings fred . . .»<sup>63</sup> *¶*

*Særlig i begynnelsen, før den premieren lett i hovedstaden*

Dette er ein tankegang som godt kan forståast ut frå visse fagmilitære, offisers-yrkesetiske premiss. Det er den same tankeføringa som kom sterkt fram mellom høge franske offiserar ved det franske samanbrotet: Forsvaret hadde gjort sitt, men haddeapt mot overmakt. Etter denne heiderlege innsatsen måtte ikkje

dei militære også få lagt ein kapitulasjon på seg. Dei problem som kom opp etter nederlaget på slagmarkene, måtte politikarane løysa. I Frankrike er det lett å sjå den allmenne bakgrunn for resonnementet. Her i landet, og slik sakene no stod, kunne det snarare verka ikkje så lite apolitisk. For regjeringa var det naturleg, ja vel helst unngåeleg, å leggja vekt på det siste. Frå den synsstad var tankegangen inkonsekvent. Forfattarane refererte til det som regjeringa alt hadde avgjort, at «kampen i Norge» ikkje skulle førast vidare, men protesterte samstundes mot å føra krigen vidare frå tilhaldsstader utanfor fastlands-Noreg. I tilfelle tyskarane skulle krevja full kapitulasjon — som vi har sett at dei utan vidare kom til å gjera — skulle norske soldatar likevel forlata landet, og då sannsynlegvis med flykningstatus. Tanken ville altså stå og falla med om Tyskland kom til å slutta ein etter måten vennleg fred med ein slegen fiende. Vidare rekna framleggat med at «den lovlige regjering», dvs. regjeringa Nygaardsvold, ville kunne halda oppe ein eksistens innanfor det tyskokkuperte området, men ville gjera ende på «den lovlige norske stat» ved å ta sete utanlands. Også på dette punktet gjekk framleggat tvert i mot grunntanken i den politikken som regjeringa hadde knesett, nemleg at den som lovleg regjering burde, kunne og ville føra sin krig vidare i konstitusjonelt korrekt form.

Med denne «henstilling» reiste Fleischer og Lindbäck-Larsen til Tromsø på morgonen den 5. juni og konfererte der med utenriksminister Koht og forsvarsminister Ljungberg. Fleischer laga eit referat av samtalet og sende det til Koht.<sup>60</sup> Han har og resymert resultatet i eit notat datert Ottawa 15. 12. 1942: «Utenriksministeren gav et meget klart billede av situasjonen og det var innlysande at den oppsatte skrivelse ikke var bygget på foreliggende muligheter.» Koht gjorde det klart at regjeringa kom til å forlata landet, dersom tyskarane ikkje godtok kravet om ein nøytral sone. Etter dette bad general Fleischer om at hans «henstilling» ikkje måtte bli sendt vidare. Han gjekk ut frå at dette heller ikkje vart gjort, og døydde i den tru. Men tanken vart likevel drøfta i ein regjeringskonferanse den 6. juni, venteleg fordi dei to statsrådane ikkje åleine ville ta det formelle ansvar for å avvisa

ei oppmoding frå ein så framståande og velfortent offiser som general Fleischer.<sup>61</sup> I konferansen var Ruge på ny tilkalla og gjorde greie for sitt syn, som var uendra: Noreg måtte ikkje innleia fredsforhandlingar.<sup>62</sup> Regjeringa var av same mening.<sup>63</sup>

### Samanfatning

Etter dette er det på det reine:

1. at den norske regjering valde å forlata landet for å føra krigen mot Tyskland vidare etter evne
2. at slike avdelingar av flåte og flyvåpen som var i stand til det, skulle fylgja Konge og Regjering
3. at Norges Bank skulle flytta over til London
4. at nye avdelingar skulle byggjast opp og utrustast ute
5. at dei første løyvingane til dette var gjevne
6. at sjefen for Forsvarets Overkommando, general Ruge, uavhengig av regjeringsdrøftingane, tok same standpunkt, og støtta regjeringa fullt ut på dette punktet
7. at det frå anna hald kom framlegg om ein annan politikk, nemleg at regjeringa skulle innleia fredsforhandlingar med okkupasjonsmakta
8. at regjeringa (eksplisitt) avviste dette framleggat og på ny, 6. juni, stadfeste den politikken som var fastlagt alt den 3. juni. No stod det att å setja denne politikken i verk.

### Instruksen til Forsvarets Overkommando

Overkommandoen fekk sin instruks frå Forsvarsdepartementet den 7. juni. Den lyder slik:

«Da de allierte stridskrefter forlater Norge, og da det har vist seg umulig å skaffe det nødvendige krigsmateriell, må også vår egen motstand mot fienden her i Nord-Norge ophøre for å spare denne landsdel for ytterligere ødeleggelser.

Kongen og Regjeringen med overkommandoen for Hæren og Marinen vil fra et sted utenfor Norge ivareta landets inter-

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

esser under den pågående krig som fortsetter på andre fronter.

Forsvarets overkommando ordner avviklingen av de gjenværende norske stridskrefter på en slik måte at landsdelen og dens befolkning, deri innbefattet de militære avdelinger som opploses, får minst mulig ulemper av denne situasjonsendring. Forsvarssjefen skal herunder samarbeide med de sivile myndigheter.

Sjefen for 6. Divisjon følger Kongen og Regjeringen.

\* Marinens flyttes til et annet operasjonsfelt overensstemmende med ordre fra Sjøforsvarets overkommando (i den utstrekning denne bestemmer.)<sup>63)</sup>

Dette er eit klårt og eintydigt dokument. Det er motstanden «her i Nord-Norge» som skal stansa. Krigen held fram på andre frontar. Deler av styrkane får ordre om å følgja med til Storbritannia. Dei styrkane som blir att i moderlandet («de gjenværende norske stridskrefter»), skal avviklast.

( Andre kjelder viser at kommanderande admiral gav nærmere ordre, med presise oppgåver over kva farty som skulle forlata landet. Dei skulle snarast «søke over til Shetland, hvor de melder seg til britiske marinemyndigheter».<sup>64)</sup> (Ruge i N. rj. 10)

Dei deler av forsvaret som kom til Storbritannia på denne måten, var i verdskrigsmålestokk lite meir enn symbolske. Styrken var då heller ikkje poenget. Det var ikkje ved sin kampverdi, men ved sin eksistens og sitt nærvær at dei, i første omgang, skulle dokumentera den norske vilje til å kjempa vidare, gjennom den eine motgangen etter den andre. No va i dei utanfor tysk kontroll, og under fri norsk kommando. Det ville vera narrespel å lata som om dei kunne kapitulera etter tysk diktat.

Men om dei styrkane som Overkommandoene heime no var i ferd med å demobilisera, måtte det forhandlast.

#### Utgangspunktet for forhandlingane

Ruge venta så lenge han kunne med å ta kontakt med Gruppe XXI. Han hadde to formål med dette: å sikra seg at Konge og Regjering med følgje kom velberga utanfor tysk rekkevidd for

forhandlingane tok til, og å få løyst dei norske styrkane frå kampkontakt med tyskarane, slik at dei kunne demobilisera i norsk regi og ikkje koma i krigsfangenskap. Begge deler lukkast for han. Det var ruskevér og liten flyaktivitet, dessutan var dei tyske styrkane så hardt pressa — dei var fullt forebuddet på å overgje seg, eller kanskje heller gå inn i Sverige — så det var relativt lett for dei norske avdelingane å bryta kampkontakten.

\* Den 9. juni vende Ruge seg til overkommandoen for Gruppe XXI via den norske legasjonen i Stockholm. Legasjonen skulle «meddele det tyske gesandtskap at nordmennene ville være beredt til å innstille fiendtlighetene i Nord-Norge».<sup>65)</sup>

Meldinga gjekk vidare til Berlin, og til Falkenhorst i Oslo, som svara med «folgende ultimative Forderungen»: All motstand måtte innstillast frå klokka 16.00 same dag (9. juni). Om ikkje så skjedde, ville landet nord for Narvik bli bombemål. To norske forhandlarar skulle sendast, med uavgrensa fullmakt, den eine til general Dietl i Narvik, den andre til «Oberstbefehlhaber der deutschen Streitkräfte in Trondheim».<sup>66)</sup>

Det er fleire interessante punkt her. For det første gav Falkenhorst ingen prutningsmon, hans krav var «ultimative». For det andre skal dei norske forhandlarane ha uavgrensa fullmakter, dvs. dei skal på staden kunna underskriva det dei får lagt fram for seg, utan å spørja seg for hjå høgare militære eller politiske instansar. Vidare skal den eine møta hjå Dietl, i Narvik-området, den andre i Trondheim, hjå Falkenhorst. Vi må kunna gå ut frå at utkast til begge dei avtalane som skulle underskrivast, var under utarbeiding i Oslo denne ettermiddagen (9. juni). Vi kan med andre ord presisera dei tyske standpunkt på denne tid, og dermed kan vi gå vidare med å undersøkja korleis dei vart sette ut i livet)

\* Falkenhorst gjekk utan vidare ut frå at det no ville koma ein total norsk kapitulasjon, og at avtalen ville bli eit tysk diktat.

Han meinte å gje nordmennene det som etter hans vurdering var rimelege vilkår, og det måtte dei berre ta til takke med. Hovudavtalen, den fullstendige norske kapitulasjonen, skulle underskrivast i Trondheim, og der ville han sjølv representera

sigerherren. Lokale og regionale spørsmål skulle ordnast ved avtale i Narvik-området; det kunne Dietl ta seg av.

*Dietl i juli. H. de  
er avslor.*

### Overkommandoen instruerer forhandlarane

Ruge valde to forhandlarar, som Falkenhorst hadde kravt. Til Dietl sende han oberstløytnant Harald Wrede Holm. Til Trondheim sende han oberstløytnant Ragnvald Roscher Nielsen.<sup>66</sup> Han gav dei eit mandat som Wrede Holm straks skreiv ned.<sup>67</sup>

<sup>66</sup> Han kunne ikkje gje dei uavgrens fullmakt, som Falkenhorst kravde, for det hadde han ikkje sjølv. Ruge måtte halda seg innanfor den fullmakt han sjølv hadde fått av Kongen i statsråd. I instrusen presiserte han dette slik:

1. Legg ikke skjul på at vi er i deres makt og er under full demobilisering.
2. Skal meddele at Kongen og regjeringen samt marinen og flygevåpenet har forlatt landet og at Norge som stat fremdeles er og vil være i krig med Tyskland, men at general Ruge har fullmakt til å ordne alt som gjelder tyskernes overtagelse av den faktiske makt i Nord-Norge.

<sup>67</sup> Dette var det norske forhandlingsgrunnlaget. Det stod i strid med det tyske, og gjorde det tyske opplegget umogleg på fleire punkt. Det kom ingen slik total kapitulasjon (som det tyske utkastet utan vidare hadde rekna med). Tvert imot hadde dei norske forhandlarane pålegg om å mælda at «Norge som stat fremdeles er og vil være i krig med Tyskland». Dei norske forhandlarane møtte med eit klårt avgrensa oppdrag, og kunne berre forhandla om korleis okkupanten skulle overta «den faktiske makt i Nord-Norge». Dermed vart den vanlege kapitulasjonsformelen ubrukeleg. Dei norske stridskrefter til sjøs og i lufta kom til å halda fram med å bruka sine våpen. Dei var utanfor tysk rekkevidd, og hadde sin handlefridom. Skrøpelege som dei var, representerte dei den krigførande norske stat.

*Dietl i juli til Ky  
og senere til Finland.*

### Forhandlarane utfører oppdraget

Ruge telegraferte på dei same omvegar til den tyske overkommandoen, at han straks sende Wrede Holm til Dietl.<sup>68</sup> Men det tok tid å få sendt Roscher Nielsen til Trondheim, for Ruge disponerte ikkje fly lenger.<sup>69</sup> Dei fly som framleis var i stand til å ta av, hadde nemleg alt forlate landet, dels til Storbritannia, dels til Finland. Difor bad Ruge tyskarane om å henta Roscher Nielsen, og dei svara, i telegram som Ruge mottok kl. 1650, at dei skulle henta han med sjøfly. Dessutan gjekk dei med på, som Ruge hadde bede om, at motstanden først skulle innstilla kl. 2400. Ruge hadde bruk for såpass lang tid, om han skulle få orden fram til alle avdelingar.

Det tyske flyet frå Trondheim vart forsinka. Etter diverse utsetjingar kom det av garde frå Målsnes om morgonen den 10. juni, og landa i Trondheim kl. 0830.<sup>70</sup> På dette punktet er kronologien viktig; for Wrede Holm kom ein del tidlegare til Narvik, og dette skulle spela ei rolle for utviklinga vidare. *Dei kom til Narvik før Dietl.* Wrede Holm nådde fram natt mellom 9. og 10. juni, og vart altså den første som kunne føra fram oppdraget sitt. *Han heldt seg nøyne til Ruges instruks.* Dette går fram av det tyske referatet som straks gjekk til Trondheim, til Oslo og til Berlin. Den vanlege «Morgenmeldung» til Oberkommando der Wehrmacht opplyste at ein representant for den norske overkommandoen var kome til Narvik-gruppa om natta for å føra dei regionale kapitulasjonsforhandlingar. Så langt Dietls kvarter til denne tid hadde oversikt, la forhandlarane avgjerande vekt på at krigen varde ved, trass i at stridande i Noreg var innstilt. Dette vart understreka ved at dei norske sjø- og luftstridskrefter hadde forlate landet saman med dei allierte.<sup>71</sup> Den delen av instrusen som handla om at Noreg som stat framleis ville vera i krig med Tyskland, las Wrede Holm opp for Dietl i tysk omsetjing før forhandlingane tok til.<sup>72</sup>

Desse opplysningane gjekk straks vidare til Trondheim, og nådde fram dit før Roscher Nielsen. Etter dette gjekk det ei tid før forhandlingane kom i gang.<sup>73</sup> Då dei tok til, var det ikkje Falkenhorst men Buschenhagen som representerte den tyske sida. Han opna med å spørja kva fullmakt Roscher Nielsen hadde.

*Det var ikke B. Schuh v.F. som kom til R-N først, men Dietl.*

## Kontrollkrisen i Norge 1940

Roscher Nielsen svara at han berre hadde fullmakt til å forhandla om våpenstillstand for 6. divisjon i Nord-Noreg. På vidare spørsmål svara han at marinens og flyvåpenet ikkje lenger var på norsk territorium. Var det slik å forstå at desse forsvarsgrinene kom til å føra striden mot Tyskland vidare utanfor landegrensene? Det gjekk Roscher Nielsen ut frå, men han hadde ikkje fullmakt til å forhandla på deira vegner. Dette var Buschenhagen førebudd på å høyra, og på dette grunnlaget la han fram utkast til avtale.<sup>72</sup>

I dette utkastet finn vi for første gong det nye uttrykket: «die gesamten norwegischen Streitkräfte», som har fått så mykje blekk til å flyta.

Etter denne gjennomgangen av forhistoria bør det ikkje vera rom for tvil lenger. Den tyske forhandlaren hadde ikkje ringaste bruk for å leita etter det «sterkast moglege uttrykk». Hans problem var at formuleringa i utkast A og B var for sterk, og måtte kvistast ned. Marine og flyvåpenen kunne ikkje takast med, for dei hadde ikkje kapitulert.<sup>73</sup> Den gjengse kapitulasjonsformelen kunne ikkje brukast, fordi det ikkje lenger var tale om ein norsk kapitulasjon, berre ein regional avtale.

### Ein parallel

Men for å ta det endå grundigare likevel: Det finst eitt døme på liknande språkbruk i ein liknande avtale frå 1940, ein som altså skil seg ut frå dei som er omtala ovanfor. Det er den tysk-nederlandiske, frå 14. mai 1940. Den inneheld «Bedingungen für die Übergabe der niederländischen Wehrmacht». I artikkel 1 heiter det der: «Die gesamte Wehrmacht der Niederlande gilt als kriegsgefangen.»<sup>74</sup> Her er det altså ikkje tale om stridskrefter til lands, til sjøs og i lufta (vi finn det same uvanlege uttrykket som i Trondheimsavtalen).

(La oss også her setja dokumentet inn i den situasjonen som här skapt det.) Korleis var den militære situasjonen i Nederland den dagen dette vart sett på papiret?

I størstedelen av det nederlandske moderlandet var det mili-

tære nederlaget eit faktum. Men i provinsen Zeeland stod nederlandske krefter framleis i strid, under uavhengig kommando, og i samarbeid med allierte styrkar. Ein del av dei nederlandske troppane i Zeeland kom over til alliert område, andre kapitulerer seinare separat overfor tyskarane, den 18. mai 1940.<sup>75</sup>

Og Her har vi altså ein parallel språkbruk i ein parallel situasjon. Ordet «gesamt» er brukt i eit tilfelle der ein del av stridskreftene ikkje kapitulerer, men fører striden vidare. Trondheimsavtalen fylgjer det nederlandske mønstret, fordi det same var tilfellet her. (vurda Oslo d. 1. juni)

Dessutan er ordet «gesamt» brukt, med eit forklårande tillegg, i det tyske sluttkommunikeet om felttoget på det norske fastlandet, der det står: «Die gesamten, noch vorhandenen norwegischen Streitkräfte legten die Waffen nieder» — dei samla norske styrkar som ennå var for hand, la ned våpna.<sup>76</sup>

At forhandlingane i Trondheim vart reduserte til å gjelda ein regional avtale, forklarar også kvifor Buschenhagen representerende Gruppe XXI istadenfor Falkenhorst. Samtalen var lagt ned på eit lågare nivå. Det same er for så vidt tilfelle på den norske sida, Ruge tenkte i det heile ikkje på å møta. På tysk side var Falkenhorst oppført som forhandlar like til om morgonen den 10. juni.<sup>77</sup> Omskiftet gjekk altså for seg etter at Wrede Holms melding til Dietl vart kjent i Trondheim.

Over Stockholm vart det norske standpunktet kjent gjennom aviser og telegrambyrå, også tyske.<sup>78</sup> Den norske regjeringsproklamasjonen som Halvdan Koht las opp i radio frå Tromsø den 9. juni vart også utførleg referert.

Den tyskkontrollerte pressa i Oslo var like klår på dette punktet.<sup>79</sup>

Like klår var Ruge sjølv. Då han med ulyst måtte diskutera det æresordformularet som var brukt sørpå, presiserte han på ny omfanget av Trondheimsavtalen. Der stod det nemleg i artikkel 1 mellom anna «während der Dauer des gegenwärtigen Krieges» — «så lenge den nåverande krigen varer». Ruge fekk lagt fram for seg eit utkast til æresords-formel, etter mønster sørfrå; men der stod det «Während der Dauer des Besetzung

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie 2014  
 «Noregens» — «sa länge Noreg er okkupert». Ruge retta dette til «so lange der jetzige Krieg zwischen Deutschland und Norwegen dauert». Det var den 17. juni 1940, ei veke etter at avtalen var underskreven, i Riksadvokatens meddelelsesblad nr. 17 (Bd. 15).

### Sluttrefleksjon

Ein såpass utførleg dokumentasjon som denne må av naturlege grunnar mest ta form av sitat, påvisingar og elementær kjeldekritikk. Dette gjev ikkje større rom for fagleg problemstilling, bortsett frå den eine og dominerande: Var Noreg som stat i krig også etter 10. juni 1940? Mange vil kanskje finna det unødvendig å bruka tid på dette, og meina at det er å slå inn opne dører.<sup>50</sup> Når denne framstillinga er gjort såpass utførleg, er det fordi diskusjonen har ein tendens til å koma opp att med mellomrom, og fordi dei fleste i samtidia har hendingane langt på avstand, og fordi dei detaljerte opplysningane, særlig frå tysk side, som her er lagt fram, har vore vanskeleg tilgjengelege og lite kjent.

Men emnet innbyr òg til ein ettertanke som femner mykje vidare, og har allmenn metodisk interesse: Det er ikke rådeleg å rekonstruera innfløkte hendingar og utviklingslinjer berre gjennom rein eksegese og ordtolking av utvalde kjeldestader.

Jamvel dei mest sentrale dokument er berre deler av den historiske utvikling som skapte dei. Dersom dei inneheld uventa, sjeldsynte, omtvistelege eller tungtydde vendingar, så må dei setjast inn i denne vide samanheng. Dermed kjem ein lettare på sporet etter dei historiske problem som drog med seg det problematiske ordvalet.

I så måte er Trondheimsavtalen eit paradeeksempel.

### Noter

<sup>1</sup> Lagmann Erik Solem, *Morgenbladet* 18.7.1945.

<sup>2</sup> Högsterett slutta seg til domen i lagmannsretten, der det mellom anna heter: «Den hjelp som NS og de enkelte medlemmer således har ytet tyskerne, ble gitt under en krig som Norge deltok i. Fra de krigerske operasjoner tok til, var Norge i krig med Tyskland. Den omstendighet at landtropene etter hvert måtte kapitulere og hele landområdet ble okkupert, avsluttet ikke krigen som ble fortsatt av Kongen og Regjeringen fra dens sete i London.» *Norsk Retsidende* 1945, s. 13; *Riksadvokatens meddelelsesblad* nr. 2 og 3, 1945. Sjå «Om

landssvikoppgjøret». Innstilling fra et utvalg nedsatt for å skaffe tilveie materiale til en innberetning fra Justisdepartementet til Stortinget, s. 94 ff, Oslo 1962.

<sup>3</sup> Sjå t.d. *Riksadvokatens Meddelelsesblad* nr. 18, s. 17, og nr. 45, s. 92, vidare sak mot Skancke med drofting i lagmannsrett, og Högsteretts kjæremålsutval, og sak mot Egil Hoel. Spørsmålet kom òg opp i sak mellom Hans Solberg Jakobsen og Sverre Løberg, i samband med ein Quisling-biografi av den britiske journalisten Ralph Hewins; saka gjekk til Högsterett. Sjå òg note 23 nf.

<sup>4</sup> Avtalen, paragraf 9: «Für seine Auslegung ist der deutsche Text massgeblich.»

<sup>5</sup> Litteraturen om dette emnet er omfangsrik. Sjå t.d. *Folk og Land* 19.1. 1957, der ein innsendar konkluderer at Högsterett ennå ikkje hadde teke standpunkt til «Norges krigsdeltakelse under den gang igangværende krig og etter den virkelige avtalen av 10. juni 1940». Jamfor same blad 1956, nr. 39. vidare t.d. Christian Benneche, *Landssvikoppgjøret* og meg. Utførleg og grundig argumentasjon i «Den norske kapitulasjon ved Forsvarets Overkommando og krigføringsproblem 1940—1945 sub specie veritatis ifølge foreliggende kjensgjerninger og uttaleser fra kompetente hold» av pseudonymet Justus Vericulor (F.H. Kjelstrup), *Var Norge faktisk og rettslig i krig etter 10. juni 1940?* av pseudonymet Justus Lex (Paul Rør). Oslo 1948. Ein god allmenn bibliografi er å finna bakerst i innstillinga «Om landsvikoppgjøret», utg. av Justisdepartementet 1962. *Folk og Land* offentleggjer med mellomrom ajourførte publikasjonslister, mellom anna frå «Forbundet for sosial oppreisning», og seinare «Institutt for norsk okkupasjons historie».

<sup>6</sup> Paragraf 9: «Das Abkommen ist in fünf deutschen und fünf norwegischen Ausfertigungen hergestellt.»

<sup>7</sup> Opplyst av Forsvarets krigshistoriske avdeling (nå Institutt for Forsvarsstudier).

<sup>8</sup> Riksarkivet. Avlevering frå Forsvarets krigshistoriske avdeling, boks 151. Londoneksemplaret, UDs arkiv 27/5/2.

<sup>9</sup> Riksarkivet, same stad.

<sup>10</sup> Sverre Hartmann har hevdat at avtalen er feiltolka ved at ordet «Abkommen» (avtale) i norske avskrifter er løfta ut av plassen sin og sett på ei linje for seg sjølv. («Sannheten om den norske juni-kapitulasjon», *Farmand* 1970, nr. 10.) Samanhengen er at denne versjonen er overført på fjernskrivar, som ikkje brukar plass på å reprodusera opne liner.

<sup>11</sup> Reglement for føring av krigsdagbøker vedlagt *Kriegstagebuch Gruppe XXI* nr. 2 og 3, sjå note 13.

<sup>12</sup> Frå april 1941 (i praksis frå hausten 1940) var det offisielle namnet Armée-oberkommando 20, oftast forkorta til AOK 20.

<sup>13</sup> Notat gjort i Heeresarchiv, Potsdam, 9.6. 1943. E 278,2, National Archives mikrofilm T 312, 981, ramme 355.

<sup>14</sup> *Kriegstagebuch* nr. 2 AOK 20, I a.

<sup>15</sup> På tittelbladet: «Tägliche Meldungen der Gruppe XXI an O.K.W. Abt. L. 9. april 1940 — 14. juni 1940. Gleichlautend gingen die meisten Meldungen auch an Ob. d. L. und X. Fliegerkorps. Diese Meldungen dienen als Ersatz für die

utan umordig viss. Når har man høris føl høi konkurr. Den dat. om i full. 20. 30. o.t. HGP v debatt.

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

vernichteten Kriegstagebücher Nr. 2 und 3 der Gruppe XXI für die Zeit vom 9.4.40 — 10.6.40. Für die Richtigkeit der Abschriften H. Poll (Sign) Oberheeresarchivrat.» Vedlegga (Anlagen) er for det meste å finna under arkivteiknet E 279. Mest interessant i denne sammenhang er Anlagenband 14 som dekkjer tida 1. til og med 14. juni 1940.

<sup>16</sup> På den eine avskrifa står med hand: «Urschr(ift) im Pf(an)z(er)schr(ank) (forkortigane er opplyste av forf.) Anlageband 14 til Ktb 2 og 3.

<sup>17</sup> Same stad.

<sup>18</sup> Om høgsterettsavgjelder, Johs. Andenæs, *Det vanskelige oppgjøret* (Oslo, 1979), s. 103, og generelt ss. 91—105. Sjå også *Norsk Retstidende* 1948, s. 164.

<sup>19</sup> I eit personleg brev frå Alexander Lange.

<sup>20</sup> Nr. 39, 1956.

<sup>21</sup> Svaret er offentliggjort i *Folk og Land* 19.1.1957.

<sup>22</sup> I *Tidsskrift for Rettssitenskap* 1956, ss. 304—320, spesielt s. 306, jfr. 1957, ss. 146—155.

<sup>23</sup> Sjå t.d. ein maraton-debatt i *Aftenposten*, desember 1970 — april 1971, med innlegg av m.a. Peter Anker, Arild Hamsun, Sverre Hartmann, Magne Skodvin, Einar Syvertsen og Albert Wiesener.

<sup>24</sup> Anlageband 14 til Ktb 2 og 3.

<sup>25</sup> Same stad.

<sup>26</sup> Walter Dobinsky: Eidesstattliche Erklärung, i dokumentbok 3, s. 36, forsvaret for Rudolf Lehmann, ved den internasjonale militærdomstolen i Nürnberg, rettssak nr. 12 («Fall zwölf»).

<sup>27</sup> Anlageband 14.

<sup>28</sup> Eksempla her er henta frå *Major peace treaties of modern history 1648—1967* utg. av Fred L. Israel, II—IV (New York, 1967) og *Verdenspolitikken i dokumenter*, utg. av Chr. Michelsens institutt, nr. 2 og 3 (Bergen, 1947).

<sup>29</sup> Dei tyske tekstane er her sitert etter den offisielle tyske dokumentsamlinga *Dokumente der deutschen Politik*, band 8,1, ss. 197—202.

<sup>30</sup> Auchinlek til War Office, sendt kl. 1625. CAB/66/7, folio 298—300; også som vedlegg til W.P. (40) 165, 22. mai, og i CAB/66/76, 291 ff i Public Record Office, London. Utførleg sitert av T. K. Derry, *The Campaign in Norway*, (London, 1952), s. 202.

<sup>31</sup> «Military implications of a complete withdrawal from Norway. Appreciation by the Chiefs of Staff Committee.» CAB/66/7, 291.

<sup>32</sup> «... will in due course be withdrawn».

<sup>33</sup> CAB/79/4, 116. WO/193/773. Jfr. Carl Gustav Fleischer, *Efterlatte papirer* (Tønsberg, 1947), s. 171 fg; og Trygve Sandvik, *Operasjonene til lands i Nord-Norge II* (Oslo, 1965), s. 783.

<sup>34</sup> CAB/66/7, 319 ff; James R. M. Butler, *Grand Strategy II* (London, 1957), s. 192 og 209 ff.

<sup>35</sup> I War Cabinet 27. mai, CAB/65/13, 164.

<sup>36</sup> «... horrible discussion ...», Churchill var «theatrically bulldoggish

... discussed evacuation of Narvik with H. Sargent, Collier and Ismay. Very nasty ...» *The Diaries of Sir Alexander Cadogan 1938—1945*, utg. av David Dilks (London, 1971), s. 292.

<sup>37</sup> Andreas Hillgruber, i *Journal of Contemporary History*, 1974, s. 16.

<sup>38</sup> Cab/65/131, 206 og 66/8, 45 og W.M. (40) 108.

<sup>39</sup> «... for some weeks on a self-contained basis». Cab/80/12, 118—121.

<sup>40</sup> Same stad. Det er mogleg at Dalton refererte til inntrykk frå samtalar med nordmenn i London.

<sup>41</sup> Cab/80/12, 122 fg.

<sup>42</sup> «... in good spirits and quite capable of carrying on.» Cab/80/12 206—207. Hollis var ein av dei militære sekretærane til Chiefs of Staff.

<sup>43</sup> «The most flagrant instance of lack of information arose from the Allied decision to evacuate Norway. Here the Ministry of information was kept in the dark, with the result that it continued to trumpet our inflexible resolve to stand by Norway for some days after the orders for evacuation had been issued. . . Two or three such episodes would have ruined the credit of British propaganda.» Ivone Kirkpatrick: *The Inner Circle* (London, 1959), s. 150. Han legg til at etter dette vart informasjonsarbeidet betre samordna med politikken.

<sup>44</sup> Opplyst av Terje Wold til forf. Sjå også Sandvik II, s. 281.

<sup>45</sup> Johan Nygaardsvold: *Norge i krig* (Oslo, 1983), ss. 165—168.

<sup>46</sup> Raeders konferanse med Hitler 4. juni 1940. Transportskip skulle føra 3000 mann til Lyngen; deretter skulle skipa halda fram til «Basis Nord», det tyske støttepunktet på den sovjetiske Ishavskysten. Jfr. omtale i Walther Hubatsch, *Weserübung* (Göttingen, 1960), s. 103 ff.

<sup>47</sup> Dormer til Halifax: «... We discussed various arrangements which Vice-Admiral Cunningham had already mentioned to me. The only comment which His Majesty made and which I should report to your Lordship was in regard to the possibility of the Crown Princess of Norway being brought over to England with her family.» FO/419/34, s. 258. Dei kommentarar som Dormer her ymtar om, men finn at han ikkje skal bera vidare, var utan nemnande tvil uttrykk for Kongens harme og misnøye over evakueringa.

<sup>48</sup> Halvdan Koht, *Frå skansen til skansen* (Oslo, 1947), s. 166.

<sup>49</sup> Otto Ruge, *Feltoget* (Oslo, 1989), s. 180.

<sup>50</sup> Nygaardsvold, *Norge i krig* s. 178, jfr. hans *Beretning om den norske regjerings virksomhet* (Oslo, 1947), s. 18. Trygve Lie, *Leve eller dø* (Oslo, 1955), s. 238.

<sup>51</sup> Lie offentleggjorde brevet i *Leve eller dø*, s. 235. Originalen er no i Norges Hjemmefrontmuseum. Ein kopi er utstilt der.

<sup>52</sup> Lie, *Leve eller dø*, s. 237; meir utførleg Nils Hjelmtveit *Vekstår og vargtid* (Oslo, 1969), s. 170 ff.

<sup>53</sup> Den 5. juni «... ble det besluttet at Regjeringen skulle reise til England . . .» *Innstilling fra Undersøkelseskommisjonen av 1945*, Bilag nr. 8, s. 309.

<sup>54</sup> *Innstilling*, bilag 8, s. 308 fg; sjå også til domes Nygaardsvold, *Norge i krig*, s. 178 ff; C. J. Hambro, *Historisk supplement*, (Oslo, 1947), s. 106 ff; Hjelmtveit,

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

<sup>54</sup> *Vekstår og vargtid*, s. 175; Koht, *For fred og fridom*, (Oslo, 1957), s. 234 fg; Lie, *Leve eller dø*, s. 229 ff.

<sup>55</sup> Hjelmtveit, *Vekstår og vargtid*, s. 173 fg; opplysningar frå Hjelmtveit og Wold til forf.

<sup>56</sup> Her sitert etter *Innstilling*, bilag 8, s. 307 fg.

<sup>57</sup> Ruge, *Felttoget*, s. 181 fg. Seinare hadde Kongen ein liknande samtale med Trygve Lie, sjå hans *Leve eller dø*, s. 239 ff.

<sup>58</sup> Forsvarsdepartementets journal 10.4–6.6 1940, j.nr. 308.

<sup>59</sup> Fleischer, *Efterlatte papirer*, s. 65.

<sup>60</sup> Fleischer, *Efterlatte papirer* ss. 60–63.

<sup>61</sup> Det var ein vanleg tankegang mellom offiserskollegane at Lindbäck-Larsen hadde hatt avgjerande innverknad på initiativet og utforminga. General Leif C. Rolstad i samtalar med forf. Jfr. Fleischer, s. 67 fg.

<sup>62</sup> Innstilling, bilag 8, s. 308; Innstilling VI, s. 83.

<sup>63</sup> Ordren er referert i *Innstilling fra den militære undersøkelseskomisjon* av 1946, i den delen som gjeld Hærens Overkommando og Forsvarets Overkommando. Den vart òg offentleggjort i pressa lenge før innstillinga var offentleg tilgjengeleg, sjå t.d. *Verdens Gang* 24.3.1949. Vidare kan ein finna både dette og andre («Innberetning til Det Kgl. Justis- og Politidepartement fra konstituert riksadvokat Ø. Thommesen»).

<sup>64</sup> Evakuatingsordren frå Sjoforsvarets Overkommando til 3. Sjøforsvardsdistrikt er trykt i E. A. Steen *Norges Sjøkrig 1940–1945*, bind V (Oslo, 1959), ss. 17–18. Punkt 1 lyder: «Det er bestemt at Nord-Norge skal evakueres av Sjoforsvarets brukbare materiell.» Liste over norske krigsskip og fly som kom til Storbritannia i april-juni 1940 i same verk s. 203.

<sup>65</sup> Sandvik II, s. 309.

<sup>66</sup> Anlagen til Ktb 2. og 3, AOK 20 Meldungen I a. Ekspedert over Stockholm via Hernösand, derifrå klokka 1510. Med same ordlyd til oberstløytnant Teissen i Trondheim. Dei delene som er viktige i denne samanheng, lyder i originalen slik: «... Andernfalls werde ich den Angriff der gesamten deutschen Luftflotte mit Zielen nördlich Narvik freigeben ... Je ein unterhändler mit unbegrenzter Vollmacht ist sofort zu entsenden ...»

<sup>67</sup> Etter oppmoding sende han ordlyden til Riksadvokaten, i avskrift, 2. januar 1948, og opplyste då at han «på stedet noterte den instruksjon som han fikk av general Ruge før han den 9. juni 1940 ble sendt fra Overkommandoens kvarter på Nordmo i Målselv til Narvik ...» *Meddelelser fra Riksadvokaten* nr. 84, datert 5.1.1948. Originalen vart overlevert Forsvarets krigshistoriske avdeling.

<sup>68</sup> Han skreiv omhyggeleg: «med fullmakt», utan å gå inn på omfanget av fullmakta.

<sup>69</sup> Ragnvald Roscher Nielsen, *Tappenstrek*, s. 147 fg. Detaljerte opplysningar som vedlegg til krigsdagbokene 2 og 3 for Gruppe XXI, sjå note 15. ovf.

Bette øyntak  
av utdøppet av  
M.S. i foredrag i  
Forsvarets  
7. jun 1990  
1939–20.31.16

<sup>70</sup> Gruppe XXIs Morgenmeldung til OKW, 10. juni 1940, motteken i Berlin kl. 1035. Anlageband 14 zum Kriegstagebuch: «Zum Abschluss der örtlichen Kapitulationsverhandlungen ist ein Vertreter des norwegischen Oberkommandos heute nacht bei Gruppe Narvik eingetroffen. Die Hauptverhandlungen finden voraussichtlich gegen Abend mit General von Falkenhorst in Drontheim statt. Soweit bisher zu übersehen, legen die Unterhändler entscheidenden Wert darauf, dass trotz der Einstellung der Kämpfe in Norwegen der Krieg fortduert. Dies wird dadurch unterstrichen, dass die norwegischen See- und Luftstreitkräfte mit den Alliierten Norwegen verlassen haben ...»

<sup>71</sup> Opplyst av Wrede Holm, sjå note 67 ovf.

<sup>72</sup> Roscher Nielsen, *Tappenstrek*, s. 148 fg.

<sup>73</sup> Guide to captured German documents (National Archives, Washington D.C.) nr. 10, s. 81.

<sup>74</sup> Dokumente der deutschen Politik, b. 8, 1 (Berlin, 1943), s. 156; L. de Jong, *Het Koninkrijk der Nederlanden in de tweede Wereldoorlog*, 3, 414.

<sup>75</sup> Dokumente der deutschen Politik b. 8, 1, s. 62.

<sup>76</sup> Sjå note 70 ovf.

<sup>77</sup> Til dømes melde Deutsches Nachrichtenbureau frå Stockholm om morgonen den 10.6 at Konge og Regjering hadde «beschlossen den Kampf im Lande aufzugeben und diesen nach ausserhalb des Landes zu verlegen. Gleichzeitig wird die Arbeit für die Wiedergewinnung der Freiheit und der Rechte des Landes fortgesetzt. Der Präsident des Stortings sowie das Heer und die Flotte stehen hinter der Regierung.» Her referert etter eit eksemplar i Auswärtiges Amts arkiv.

<sup>78</sup> T.d. *Arbeiderbladet* 14.6.1940: «... Det forhold at Kongen og Regjeringa er reist til England og har erklært at de vil kjempe videre sammen med de allierte har skapt en akutt og meget alvorlig situasjon for vårt land. Vi må oppfatte disse handlinger av Kongen og Regjeringa som en åpen stillingtagen for de allierte i den pågående krig ...»

<sup>79</sup> Ruges brev til den tyske sambandsmannen, dr. Neef, 17.6. På mikrofilm hos forf.

<sup>80</sup> Jfr Andenæs, *Det vanskelige oppgjøret*, s. 100 fg.